



Statsforvaltaren i Vestland

## Rettleiing til søknadsskjema

# SØKNAD OM MUDRING, DUMPING OG UTFYLLING I SJØ OG VASSDRAG



## Innhold

1.	Generell informasjon.....	3
2.	Type tiltak .....	3
	DEL A Mudring .....	4
	Omtale av tiltaket.....	4
	DEL B Dumping .....	5
	Omtale av tiltaket.....	5
	DEL C Utfylling.....	5
	Omtale av tiltaket.....	5
3.	Lokale tilhøve .....	6
4.	Forureiningssituasjon, avbøtande tiltak, overvaking og mål.....	7
5.	Handsaming av andre styresmakter .....	8

Søknadsskjema og informasjon til søker ligg på vår nettside:

[https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/miljo-og-klima/forureining/mudring-og-dumping---soknadsskjema/.](https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/miljo-og-klima/forureining/mudring-og-dumping---soknadsskjema/)

Alle punkt 1 – 5 i søknadsskjemaet og relevant(e) del(ar) (A, B og/eller C) skal fyllast ut.

## 1. Generell informasjon

- a) **Tiltakshavar.** Fyll ut tiltakshavars (ansvarleg søker) namn og postadresse. Statsforvaltarens vedtak vil bli sendt ut til tiltakshavar, som vil vere juridisk ansvarleg for å etterleva vilkår i løvvet.
- b) **Tiltakshavars kontaktperson.** Fyll ut kontaktpersonens namn og kontaktinformasjon.
- c) **Konsulentfirma (eventuelt).** Fyll ut kontaktinformasjon til miljøkonsulent dersom det er aktuelt.
- d) **Entreprenør.** Fyll ut entreprenørens namn og kontaktinformasjon, dersom det er kjend kven som skal utføra arbeidet.
- e) **Lokalisering av tiltak.** Oppgi kommune, stedsnamn og gards- og bruksnummer for der kor tiltak er ønskja utført. Stedsnamn er typisk gateadressa til eigedomen kvar tiltaket skal utførast. Dumpestaden (dersom aktuelt) skal også vere angitt med koordinatar, helst UTM 32, med minst 10 meters nøyaktighet.
- f) Angje kva for ein **tidsperiode** som tiltaket er planlagt gjennomført (månad og år) og kor lang tid arbeidene er tenkt å pågå. Ulike fiskeslag kan gyte til ulike tider på året og førekommst av lokal art/stamme kan gjere det nødvendig eller ønskjeleg å styre aktiviteten utanom slik tid. Dersom omsøkt tiltak må skje nær vassdrag med laks eller sjøaure, bør eller må aktiviteten leggjast utanom gyttetid og/eller viktigaste vandringstid for smolt. Tidsrom vert avklart særskilt i løvvet.
- g) **Fakturainformasjon.** Oppgi nøyaktig fakturainformasjon, med fakturaadresse, fakturareferanse, og kontaktperson. Fakturering frå Statsforvaltaren skjer via Miljødirektoratet.

## 2. Type tiltak

Kryss av for type tiltak. Ein kombinasjon av typar er mogeleg.

- Mudring omfattar uttak og/eller forflytning av massar frå/på botn i sjø og vassdrag, inkludert graving og sprenging.
- Dumping omfattar disponering av massar eller anna materiale i sjø og vassdrag, med det formål å fjerna det av vegen.
- Utfylling inneber plassering av massar i sjø og vassdrag med eit nyttig føremål, som for eksempel landvinning.

## DEL A Mudring

### Omtale av tiltaket

- a) **Føremål.** Kryss av for om tiltaket gjeld vedlikehaldsmudring , farledsmudring, miljømudring eller undervassprenging. Ved vedlikehaldsmudring må dokumentasjon for siste mudring vere lagt ved søknaden, eventuelt må Statsforvaltarens referansenummer vere gitt. Dersom denne dokumentasjonen ikkje kan leggast fram, kan tiltaket bli sett på som ein førstegongsmudring. Kryss av for «Anna» og spesifiser dersom tiltaket gjeld noko anna.
- b) **Omtale av tiltaket.** Gje ein kort skildring av tiltaket og føremålet med mudringa.
- c) **Areal.** Oppgje mudrearealet i kvadratmeter sjøbotn som tiltaket omfattar. Legg ved oversiktskart i målestokk 1:50 000 og detaljkart 1:1000 med ønska areal (lengde og bredde) teikna inn og tallfesta på kart, samt GPS-stadfesta prøvetakingsstasjonar.
- d) **Volum.** Oppgje mudrevolumet i kubikkmeter sjøbotn som tiltaket omfattar. Eventuell masseutviding skal ikkje reknast med. Oppgje også utrekna vekt i tonn.
- e) **Vassdjup før tiltak.** Oppgje vassdjup ved normal vasstand på staden kor det er tenkt å mudra. Dersom sjøbotn ikkje er jevn, kan ein angje intervall.
- f) **Ønskja vassdjup.** Oppgje ønskja vassdjup ved normal vasstand etter utført mudring. Ein kan angje intervall.
- g) **Tiltaksmetode.** Kryss av og omtal mudringsmetode. Omgrepet «skip» omfattar alle sjøgåande fartøy, inkludert lekter, flåter og liknande. For undervassprengning omtal planlagt spregningsteknikkar og ev. utrekningar/vurderingar av maks forventa lydtrykk dersom det er kjende fiskeriinteresser i nærleiken.
- h) **Disponeringsløysing.** Kryss av for ønskja disponeringsløysing for dei mudra massane. Mudra massar er vanlegvis definert som næringsavfall, og det er fleire måtar slikt avfall kan bli disponert:
  - Levering til lovleg avfallsanlegg. Avfallsanlegget må ha løyve til å motta slikt avfall.
  - Ved dumping i sjø eller vassdrag skal del B fyllast ut.
  - Muddermassane kan nyttast på ein annan måte dersom det ikkje medførar ein ulempe for miljøet. Det skal gjerast greie for nyttiggjøringa, og dersom den omfattar tiltak i sjø eller vassdrag må skjemaets del C vere fylt ut. Eige løyve er normalt nødvendig dersom massane inneholder konsentraserar som overstig:
    - (land) normverdiane oppgitt i vedlegg 1 til forureiningsforskrifta kapittel 2.
    - (sjø og vassdrag) tilstandsklasse II for sediment i rettleiar M-608 | 2016  
*Grenseverdier for klassifisering av vann, sediment og biota.*
  - Ved «anna» skal disponeringa vere omtalt i skjemaet eller som eit eige vedlegg. «Anna» omfattar alt utover dei tidlegare punkta, inkludert strandkantdeponi. Dersom anna disponering omfattar tiltak i sjø eller vassdrag skal skjemaets del C fyllast ut.

Meir informasjon om disponeringsløysningar er gitt i Miljødirektoratets rettleiar M-350 | 2015 *Veileder for håndtering av sedimenter*.

- i) Metode for avvatning, opplasting, transport og disponering av mudra massar. Gje ei kort skildring av korleis massane skal handterast etter mudring.

## DEL B Dumping

### Omtale av tiltaket

- a) **Areal.** Opgje dumpearealet i kvadratmeter sjøbotn som tiltaket omfattar. Legg ved oversiktskart i målestokk 1:50 000 og detaljkart 1:1000 med ønska areal (lengde og bredde) teikna inn og tallfesta på kart, og eventuelle GPS-stadfestar prøvetakingsstasjonar.
- b) **Volum.** Angje mengden massar som skal dumpast. Her skal det vere presisert om volumet inkluderer masseutviding og eventuelt kor mykje. Masseutviding avheng av opphavet til massane og karakter. Opgje også utrekna vekt i tonn.
- c) **Vassdjup før dumping.** Opgje vassdjup ved normal vasstand på staden kor det er ønska å dumpa. Dersom sjøbotn ikkje er jamn, kan intervall bli oppgitt.
- d) **Vassdjup etter dumping.** Opgje vassdjup ved normal vasstand etter gjennomført dumping. Dersom sjøbotn ikkje er jevn, kan intervall bli oppgitt.
- e) **Mengde tørrstoff i sediment som skal dumpast.** Opgje kor mykje tørrstoff massane som skal dumpast inneheld totalt.
- f) **Vassinhald i sediment som skal dumpast.** Opgje prosent vassinhald i massane som skal dumpast.
- g) **Omtal.** Omtal massane (sprengstein, mudder, sand, m.m.), innhald av miljøgifter og eventuelt innhald av anna avfall (plast, sprengtråd, anna). Massane må ikkje innehalda miljøgifter i konsentrasjonar over tilstandsgruppe II for sediment i rettleiar M-608 | 2016 *Grenseverdier for klassifisering av vann, sediment og biota*.
- h) **Metode.** Omtal kva for ein metode som er planlagt å nytta for dumpinga.

## DEL C Utfylling

### Omtale av tiltaket

- a) **Føremål.** Kryss av for føremålet med tiltaket.
  - Landvinning vil seie at føremålet er å auke landarealet.
  - Infrastruktur innebere utfylling for å opparbeide veg, jernbane, strømforsyning og liknande.
  - Kryss av for «anna» og forklar tiltaket dersom det ikkje er omfatta av punkta over.
- b) **Omtale av tiltaket.** Gje ei omtale av tiltaket og utdyp formålet med utfyllinga.
- c) **Utfyllingsareal.** Opgje utfyllingsareal i kvadratmeter av sjøbotn. Legg ved oversiktskart i målestokk 1:50 000 og detaljkart 1:1000 med ønska areal (lengde og bredde) tegna inn og tallfesta på kart, samt GPS-stadfestar prøvetakingsstasjonar
- d) **Utfyllingsvolum.** Opgje utfyllingsvolum av massane som er ønska utfylt, i kubikkmeter. Opgje også utrekna vekt i tonn.
- e) **Vassdjup før tiltak.** Opgje vassdjup ved normal vasstand på staden der det er djupast i området der det er ønskeleg å fylla ut.
- f) **Metode.** Gje ei omtale av korleis utfyllinga skal skje. Snitteikning(ar) av utfyllinga med mål skal vere lagt ved søknaden (teikning er ikkje naudsynt dersom tiltaket gjeld sandstrand).
- g) **Utfyllingsmassane.** Gje ei omtale av kva for nokre utfyllingsmassar som skal bli nytta. Her må det vere oppgitt kva for massar som skal bli nytta (inkludert kornstorleiken), kor massane kjem frå, om dei er reine massar og om dei kan innehalde avfall som sprengtråd, armeringsfibre eller liknande. Statsforvaltaren kan stilla krav om dokumentasjon. Sjå faktarark M-1085 | 2018 for informasjon om problem med plast ved utfylling med sprengstein.

### 3. Lokale tilhøve

(Punkt a – d skal ikkje fyllast ut for dumping på etablerte dumpefelt)

- a) **Råka eigedomar.** Fyll ut lista over alle råka eigedomar med namn på eigar (og eventuelle festere) og gards- og bruksnummer. Dersom tiltaket vil eller kan omfatte annan persons eigedom skal det leggjast ved skriftleg godkjenning frå alle råka grunneigarar. Hovudregelen er at ein eig sjøgrunnen utanfor sin eigen eigedom til ca. 2 meters vassdjup. Dette er særleg viktig å hugsa på i grunne sjøområde.
- b) **Omtale av botntilhøve og grunnstabilitet.** Gje ei kort omtale av botntilhøva. Ta for eksempel med om det er fast fjell, steinete eller om botn består av finkorna sediment, og om det finnast vegetasjon eller andre spesielle tilhøve. Gje også ei kort omtale av områdets grunnstabilitet. Er det fare for utrasing av sjøbotn eller landjord som følgje av det planlagde tiltaket?
- c) **Råkar tiltaket naturverdiar i vatn eller på land.** Informasjon om kartlagde naturverdiar skal vere oppgitt her. I Miljødirektoratets Naturbase (kart.naturbase.no) er kartlaga «Vern» og «Naturtyper» særleg viktige å sjekka opp mot tiltaksområdet. Ved å klikka på dei registrerte områda/forekomstane kan detaljert informasjon og verdiangiving hentast fram. Fravær av registreringar i Naturbase kan bety at området ikkje er undersøkt. På Artsdatabankens Artskart (artskart.artsdatabanken.no) er det kartfesta informasjon om artar. Vi treng omtale av m.a. område som er viktige for kommersielt fiske, rekreasjonsområde, gyte- og oppvekstområde (merk særskilt om det er viktige førekomstar av prioriterte artar), sårbar natur (verna område, ålegraseng, m.m.).
- d) **Omtale av naturtilhøve.** Gje ei kort omtale av naturtilhøva i området som ikkje er dekka av punkt c. Her kan ein omtala tilhøve som vær og vind, straumtilhøve, grad av menneskeleg påverknad, dominerande natur i sjø og på land. For straumtilhøve må dykk gjere ei vurdering av behov for kunnskap før eller under omsøkt tiltak. Det same gjeld for lagdeling av vassmassane.
- e) **Omtale av allmenne brukarinteresser.** Gje ei omtale av friluftslivsverdiar, sportsfiske og liknande og korleis desse kan bli påverka av tiltaket.
- f) **Havnespy.** Den framande arten havnespy (japansk sjøpong, *Didemnum vexillum*) er no etablert fleire stader på Vestlandet. Arten formeirar seg raskt og kan gje store problem for marine økosystem og marine næringar. Havnespy kan dekke botn, og vekse på bøyar, fortøyningar, brygger, båtar og anna utstyr som står i sjøen over tid. Oversikt over stadfesta funn av havnespy vert kontinuerleg oppdatert i Artsdatabanken sitt Artskart<sup>1</sup>. Aktsemplikta i forskrift om framande organismar § 18<sup>2</sup> krev at dersom du er ansvarleg for aktivitetar i område med havnespy, har du plikt til å avgrense risikoen for spreiling og skadeverknader for miljøet. All aktivitet i sjøen som kan bidra til spreiling av arten, må ta nødvendig omsyn. Oppdatert informasjon om utbreiing og vurderingar rundt tiltak kan finnast via m.a. Miljødirektoratet si nettside om havnespy<sup>3</sup> og hjå Sjøfartsdirektoratet<sup>4</sup>.
- g) **Røyrleidningar, sjøkablar eller andre konstruksjonar.** Dersom det er røyrleidningar, sjøkablar eller andre konstruksjonar i eller ved tiltaksområdet, skal desse vere omtalt/teikna i kartet omtalt i del A og B.

<sup>1</sup> <https://artskart.artsdatabanken.no/havnespy>

<sup>2</sup> [https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2015-06-19-716/KAPITTEL\\_5 - KAPITTEL\\_5](https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2015-06-19-716/KAPITTEL_5 - KAPITTEL_5)

<sup>3</sup> <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsområder/arter-naturtyper/fremmede-arter/havnespy-japansk-sjøpong/>

<sup>4</sup> <https://www.sdir.no/aktuelt/nyheter/tiltakene-som-skal-redusere-risikoen-for-spredning-av-havnespy/>


## 4. Forureiningssituasjon, avbøtande tiltak, overvaking og mål

Merk at vi tilrår at søker tek kontakt med oss så tidleg som råd for å avklare behov for omfang av dokumentasjon. Vi tilrår vidare at søker har ein kompetent miljørådgjevar til å vurdere og utføre følgjande punkt:

- a) **Forureiningskilder i nærleiken.** Båthamner, marinaer og brygganelegg kan vere forureiningskilder på grunn av utslepp av botnstoffkjemikalie og drivstoff. Industri, tidlegare avfallsdeponi/fyllplassar, strandkantdeponi, grunnforureining på land osv. er også potensielle forureiningskilder.
- b) **Kartlegging av forureining i sjøbotn.** Dersom tiltaksområdet inneheld sediment, skal rapport med analyseresultat frå sedimentprøvar vere lagt ved. Eventuelle eksisterande sedimentanalysar frå området kan vere nyttig i søknaden dersom dette er avklart med Statsforvaltaren. Innsamling og handtering av sedimentprøvar må gjennomførast av uavhengig tredjepart med dokumentert kompetanse.

Oppgje antall prøvestasjonar. Ein prøvestasjon er representert av fire eller fleire prøvepunkt som kan samlast til blandprøve(ar), sjå figur 1. For tiltak opptil 1000 m<sup>2</sup> er det krav om minimum éin stasjon. For tiltak over 1000 m<sup>2</sup>, er det krav om minimum tre stasjonar. I tilfeller kor det er spesielle tilhøve, som kjende forureiningskilder eller varierande botntilhøve, kan det vere naudsynt med fleire stasjonar enn det som er oppgitt som minimum. Stasjonane skal gi eit representativt bilet av tiltaksområdet.

Oppgje tal prøvepunkt pr. stasjon. For kvar stasjon skal det bli tatt minimum 4 enkeltpørvar representativt plassert innanfor stasjonens areal. Desse prøvepunktene skal merkast av på kart lagt ved søknaden og vere koordinatfesta.



Figur 1. Eksempel på inndeling av tiltaksområde i prøvestasjonar og prøvepunkt.

Oppgje i kva for nokre djup av sedimenta prøvane er analysert. For mudre-, dumpe- og dei fleste utfyllingstiltak bør det vere tatt ein overflateprøve 0-10 cm (bioaktivt lag), og ein prøve av sediment djupare enn 10 cm. Intervall av djup kan endrast dersom det er særlege grunnar for det. Det kan lagast ein blandprøve pr. stasjon for kvart intervall av djup.

Meir informasjon om tal prøvestasjonar, prøvepunkt, seksjonering av enkeltpørvane, prøvetakningsutstyr og feltinnsamling er omtalt i Miljødirektoratets rettleiar M-350 | 2015

*Veileder for håndtering av sedimenter* og i standarden NS-EN ISO 5667-19. Ta kontakt med Statsforvaltaren dersom det er uvisse knytta til prøvetaking av sjøbotn.

Prøvetakingsmetoden er viktig for vurderinga av analyseresultata. Metoden skal derfor vere omtalt. Elementer som skal vere med i omtalen er:

- prøvetakingsutstyr
- dato
- kort omtale av kompetanse og utføring av prøvetakinga
- eventuelle spesielle tilhøve
- behandling og oppbevaring av prøvane

Parametere som normalt skal rapporterast er: metallar (As, Pb, Cd, Cu, Cr, Hg, Ni, Zn), sum PAH16 og deira einskildkomponenter, sum PCB7, TBT, tørrstoff (TS), kornfordeling og totalt organisk karbon (TOC). Ytterlegare analyser kan påleggast av Statsforvaltaren ved behov. Det kan difor vere aktuelt å oppbevara sedimentprøvane frossa for eventuelle supplerande analysar. Kjemiske analysar skal så langt som mogeleg vere utført av akkreditert laboratorium. Ta kontakt med Statsforvaltaren dersom det er uvisse vedrørande kva parametere det skal analyserast for.

- c) **Oppsummering av analyseresultat.** Gje ei kort oppsummering av analyseresultata frå sedimentprøvane. Her må sedimentas høgste tilstandsklasse kome fram og kva parametere dette gjeld. Sjå Miljødirektoratets rettleiar M-608 | 2016 *Grenseverdier for klassifisering av vann, sediment og biota*. Ved bruk av fleire stasjonar bør også utbreinga av eventuell forureining vere omtalt.
- d) **Sedimentas finstofffinnhald.** Opgje fordeling mellom stein, grus, sand, silt og leire basert på korngraderingsanalysar av sedimenta. Dersom det er store variasjonar i området, beskriv dette.
- e) **Tiltak for å avgrensa spreiling av forureining.** Omtal eventuelle tiltak som er planlagd for å avgrena spreiling av forureining. Dette kan for eksempel vere bruk av siltgardin, turbiditetsmålingar eller hensyn til ver, vind og straumtilhøve. Ver merksam på at spreiling av partiklar også kan vere betrakta som forureining sjølv om dei ikkje inneheld miljøgifter. For utfylling må også tiltak mot spreiling av plast vurderast.
- f) **Risikovurdering.** Grei ut om risikovurderinga for tiltaket. Dette bør gjerast av kompetent miljørådgivar. Referer til rapport/vedlegg dersom de har dette.
- g) **Tiltaksmål.** Omtal føremålet med tiltaket. Tiltaksmålet skal gje ei konkret målsetting for utføring av tiltaket og må vere i tråd med miljømål for området. Tiltaksmåla dannar grunnlag for kontroll med gjennomføring (sluttkontroll) av tiltaket. Les meir om tiltaksmål i M-350/2015, kapittel 3 og vedlegg II – Miljømål.
- h) **Miljømål.** Dersom det er mogeleg at miljøtilstanden kan verte endra må dette omtalast særskilt. Miljømål må avklarast innanfor rammene i vassforskrifta. Miljømåla for område skal vere førande for tiltak uavhengig av tiltakets føremål. Les meir om tiltaksmål i M-350/2015, kapittel 3 og vedlegg II – Miljømål.
- i) **Plan for overvaking.** Omtal dykkar vurdering av behov for prøvetaking i vassmasse eller sediment under og etter at tiltaket er gjennomført, og overvaking etterpå. Nærare informasjon finn de i kapittel 5 – 7 i rettleiar M-350/2015.

## 5. Handsaming av andre styresmakter

- a) Kryss av for om det er vedtak om løyve eller vurdering av tiltaket etter plan- og bygningslova. Kommunen er styresmakt. Eventuell vurdering eller løyve skal leggjast ved søknaden. Statsforvaltaren kan ikkje gje løyve etter forureinsingslova før vurdering/godkjenning etter plan- og bygningslova ligg føre.

- b) Kryss av for om det ligg føre vedtak om løyve til tiltaket etter hamne- og farvasslova. Tiltak som gjeld farled, er under Kystverkets styresmakt. Kommunens hamnevesen er styresmakt for tiltak utanfor farled. Ver merksam på at tiltak som gjeld fleire lokaliteter (f.eks. mudring og dumping) krev fråsegn/vedtak av rett styresmakt for alle aktuelle lokalitetar. Dersom saka er under handsaming, bør status vere angitt i kolonnen 'anna'.
- c) Kryss av for om tiltaket er vurdert etter kulturminnelova. Bergens Sjøfartsmuseum er styresmakt i Vestland fylke sine sjøområde. Dersom saka er under handsaming, bør status vere angitt i kolonne 'anna'.
- d) Kryss av for om tiltaket er vurdert etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag. Fylkeskommunen har ansvar for tiltak i vassdrag eller deler av vassdrag som ikkje fører anadrom laksefisk eller kreps. Dersom saka er under handsaming, bør status vere angitt i kolonnen 'anna'.

Kryss av for om tiltakshavar er kjend med at det skal betalast gebyr for behandling av søknaden. Gebyrsatsane finnast i forureiningsforskrifta § 39.

Søknaden skal daterast og underskrivast. Analog underskrift er ikkje nødvendig om de sender skjemaet elektronisk til vår e-postadresse.

**Vedlegg:** Vanlege vedlegg er lista opp med avkryssingsboksar. Analyseresultat og kartutsnitt er i dei fleste tilfelle obligatoriske. Eventuelle andre vedlegg skal listast opp i tabellen.

*Ferdig utfylt søknad skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland, via e-post til [sfvlp@statsforvalteren.no](mailto:sfvlp@statsforvalteren.no) eller via vanleg brevpost til Statens hus, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger. Ved spørsmål, ring vårt sentralbord med tlf. 57 64 30 00.*

## **STATSFORVALTAREN I VESTLAND**

Statens hus, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger || [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no) ||  
<https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/>

